

# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*



*Konfirmantar på pilegrimsveg*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



**Kyrkjeverje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: konfirmantar på pilegrimsveg,  
foto: Hamish Moore. Utforming og trykk:  
ETN Grafisk

### Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Ein god leiar

Nokon av dei eldre eg treff i jobben min som prest har minner frå barndommen om det å gjete dyr. Det er sjeldan at ein ser nokon som gjeter i dag. Men mange er glad i dyr og kjenner omsorg for at dei skal ha det dei treng, enten det gjeld nabokatten eller fuglane på fuglebrettet.

I Bibelen kan vi mange stader lese om Herren Gud som vert samanlikna med ein gjetar. Folket sine leiarar vert gjerne samanlikna med gjetarar som ikkje bryr seg om dyra sine. I motsetnad til dei er Herren den gode gjetaren som bryr seg om folket.

*«Eg vil gjeta sauene mine og la dei kvi-la, seier Herren GUD. Eg vil leita opp dei bortkomne, føra tilbake dei bort-drivne, binda om dei skadde, styrkja dei sjuke, vakta dei feite og sterke og gjeta dei på rett vis.» (Esek 34,15-16)*

Gud veit kva som gjer oss godt. Kvile er noko vi alle treng. Han har tanke for alle dei ulike behova vi kan ha. Vi kan vere bortkomne, fordrivne, skadde eller sjuke. Vi kan òg vere både feite og sterke. Eg vet ikkje kva omtale du kjenner deg mest att i. Det kan endre seg frå dag til dag. Gud kjenner oss og veit om vår situasjon. Det er godt å oppleva hans omsorg enten eg kjenner meg sterkt og treng at han vaktar meg, eller eg kjenner meg sjuk og treng ny styrke.

Jesus brukte nokre av dei same orda om seg sjølv. «Eg er den gode gjetaren.», sa han. Han identifiserer seg som Herren Gud. Men han legg til: «Den gode gjetaren set livet til for sauene.» (Joh 10,11) Den gong disiplane og folket hørde han seie dette, forsto dei neppe kva det innebar. Men då Jesus seinare ga livet sitt og døydde på krossen, viste han at dette ikkje berre var ord. Han var villig til å gjennomføre det han sa. Etter at Jesus sto opp frå dei døde, forsto disiplane på ein ny måte kva det innebar det han hadde undervist dei om.

I dag er dette eit ganske framand bilet for oss. Gjetarar som står opp mot vill-dyr og andre fiendar for å redde sauene sine med kjepp og stav er ikkje ein del av vår kvardag. Men vi kjenner dessverre altfor godt til ulike leiarar og måtar å leie på. Vi hører om dei som står fast saman med sitt folk i krig og motgang. Og vi hører om dei som ofrar folket sitt medan dei sjølve sit skjerma med sine privilegium.


Eg veit kva slags leiar eg føretrekk. Eg er glad for å fylge ein som var villig til å ofra seg for meg.

*Tekst: sokneprest Møyfrid Lunde*

# **Ein plass fylt med interesse og glede**

**Kviteseid har vore ein viktig plass i Vest-Telemark gjennom tidene. Ein kan peike på landskap, plassering ved Telemarkskanalen, godt klima, næringsvegar, skular, kultur, institusjonar og arbeidsplassar. Ein av dei som fann vegen hit var Bent Håkon Grestad frå Drammen.**

Av Olav Mosdøl



*Bent med gitaren heime på verandaen. I dag er han aktivt med i Soul Children i Kviteeid og opplever dei unge med stor spele- og songglede. (Foto: Olav Mosdøl)*

Bent Håkon Grestad fortel i samtale med kyrkjebladet at han kom flyttande hit ved nyttår 1975 saman med fru Ingrid og vesle Kjerstin på ni månader. Han starta då som leiar for den miljøterapeutiske avdelinga på det nystarta Pedagogisk Psykologisk Distriktsenter for Vest- Telemark, (PPD-senteret) lokalisert i Kviteeid. I tillegg til jobben var motivasjonen: naturen, innlandsklimaet og kulturen. Han var svært oppteken av Tarjei Vesaas.

## **Litt om liv og interesser?**

Eg blei fødd i Drammen 16. september 1950 og hadde ein bror som var 6 år. Eg fekk oppleve eit aktivt liv med idrett og friluftsliv. Far tok oss med på skiturar i løypene på Konnerud, og så spela eg bandy og fotball på Marienlyst og Gulskogen. Saman med veneblei det hyppige fiske- og badeturar til tjern i dette området. I tillegg kørde eg slalåm og blei inspirert av store idrettsprofilar i nærmiljøet.

Bent nemner at dei same interessene og verdiane gjeld mykje for han i dag også. Etter eit langt yrkesliv med innearbeid på kontor, møterom og mykje jobbkøyring prioriterer han no daglege turar ute i naturen. Der brukar han vedøks og ski, bær- og soppspann, fiskestong og fotoapparatet.

## **Noko meir om barne- og ungdomsåra?**

Eg vokser opp i Strømsgodset sokn og gjekk på sundagsskule i kyrkja der. Foreldra mine høyrde til Misjonskirken (Det Norske Misjonsforbund). Slik fekk eg ei svært rik barne- og ungdomstid der, i speidaren og i juniorforeninga. Møte for dei vaksne var i overkant hyppige og kunne vere eit ork for ein uroleg gute-

kropp. Kan minnast at eg stundom fantaserte om at talarstolen var bandymål, som eg skåra flotte mål i. Lovsong og artistar på gitar og trekkspel var gildt å høyre på, og det inspirerte meg til å spele sjølv. Eg fekk trekkspel og gjekk til undervisning på Bragernes i Drammen. Seinare blei gitaren hovudinstrumentet mitt, seier Bent.

Då ungdomsskulen var over, reiste Bent Håkon Grestad til Sagavoll folkehøgskule på Gvarv. Der møtte han Bø-jenta Ingrid Berge, som seinare blei hans ektefelle. Etter forpraksis i to år på Statens senter for barne- og ungdomspsykiatri begynte han på Sosialhøgskulen i Stavanger. Han gjennomførte 15 månader med sivilteneste på Rogaland barnepsykiatriske før ferda gjekk til Kviteseid.

### **Knytt både til Kviteseid og Vinje**

Bent kom saman med vesle Kjerstin og Ingrid, som var utdanna lærar, frå Tau i Rogaland 01. januar 1975. Dei budde først på Brunkeberg før dei i 1976 bygde hus i Ordal. Her kjem han inn på korleis denne omstillinga var. – Familien vår auka med gutane Knut og Håkon. Ofte må eg tenkje på kor godt me vart tekne i mot av ordølane - som «reine innflytjarar». Dei var så rause og inkluderande, og me blei buande der i 30 år. Då overtok Knut og kona Heidi huset i Ordal, og me etablerte oss i Kviteseid sentrum, seier Bent.

Han fortel vidare: – Eg synest me har vore heldige som kan bu i denne flotte bygda. Så mange er positive, og det er sterke musikk- og songkrefter. Dessu-



*Ingrid og Bent på Gaustatoppen i 2016 saman med barnebarna Erlend (raud) og Torje. No er dei 14 og 16 år. (Foto: Privat)*

tan er det flott idrettsmiljø for barn og unge. Mitt engasjement har også kome inn i kyrkjesamanheng med deltaking i sokneråd, både i Brunkeberg og Kviteseid. Her kan eg m.a. nemne påbygget av Brunkeberg kyrkje og utbetring av taket på Kviteseid kyrkje, som feira 100-årsjubileum i 2016. Interessant har det også vore med tilsetjing av prestar og medarbeidrarar. På den måten har me blitt kjende med mange hyggelege folk i det miljøet. Når eg ser tilbake, minnest eg også ei rekkje konsertoppdrag med m.a. Bjørn Eidsvåg, Rune Larsen og Sigvart Dagsland. Det var full kyrkje og stor stemning.

### ***Korleis vart du knytt til Vinje kommune?***

Gjennom arbeidet på PPD-senteret i Kviteseid fekk eg oppdrag frå Telemark fylkeskommune om å etablere ein barnevernsinstitusjon utafor Grenland. Den skulle vere for barn og unge med «avisingsproblematikk». Etter drøftingar

vart den etablert i Åmot i Vinje som «Miljøheimen». Ved omorganisering som ‘statleg tiltak’ blei dette tilbodet også utvida til eit barne-, ungdom- og familiesenter. Det vart knytt til oss familieheimar i Tinn og Nissedal.

På den måten vart Bent knytt til Vinje kommune, som gav eit godt tilbod og hadde solid økonomi. Han stod på i dette omfattande og krevjande arbeidet til han pensjonerte seg i 2012. Då kunne han sjå tilbake på eit svært krevjande og viktig leiararbeid i teneste på fleire arbeidsplassar. Med perioden i Rogaland vart det 40 år i terapeutisk verksemder for barn og ungdom.

### *Kva har livet gitt deg i kontakt med den unge generasjonen?*

Arbeidet på Miljøheimen i Vinje var viktig. Det var omsorgskontakt i ulike terapeutiske situasjoner for barn og ungdom, og ein måtte vere tilgjengeleg og tilstades på ulike måtar. Familiært har det å vere bestefar til sju barnebarn vore ei stor glede for oss. Det har gitt Ingrid og meg mange og fine opplevingar med aktivitetar til kvardags og i høgtider.

I oppdrag som fotballtrenar har der vore fint å oppleve kor støttande dei unge kan vere, uansett siger eller tap. Og eg minnest konfirmanten sin fine tale: «Mange små menneske som gjer små ting på små stader, kan saman forandre verda.»

Bent fortel vidare at han i dagens samfunn kan sjå tydelege utfordringar i ‘destruktive pc-spel’; det kan bekymre noko. Men 14-åringen seier at spelet

hans «ikke er så brutal». Og elles kan 11-åringen spørje: «Hvorfor kjører vi bil når det er skadeleg for miljøet?» ... og «Hvorfor kaster vi mat?»

### *Kan åndelege verdiar og tru bety noko for unge og eldre i dag?*

Før i tida var det nok meir tydelege rammer med omsyn til religiøs identitet: «innafor eller utafor». Dei som har funne noko større enn seg sjølve, har jo eit anker i livet; men det skal nok litt til for å kalte seg «personleg kristen». Eg trur me vaksne ofte er meir opptekne av det materielle og nyting enn av åndelege verdiar. Daglege reklamedosar i media forsterkar. Eg opplever at dei unge tenkjer mykje. Men dei har mange val å ta og mange er usikre; passar kanskje ikkje heilt inn i ‘boksen’. Eg merkar det er viktig for barna å «ikkje skade skaparverket».

### *Har du framtidønskje, Bent?*

Eg tenkjer at å få slutt på «grusomhetane» der ute i verda – er overordna alt. Likevel kan me ikkje la alt det smertefulle gå hudlaust inn på oss. Det seier m.a. psykolog Sissel Gran. Samtidig må me vere tilstades i kvardagen og vere klar over: Me pensjonistar sit på «den grøne grein», og må hjelpe dei unge på vegen inn i framtida. Eg helsar til slutt med ei strofe av ein gammal salme: «O store Gud, når jeg i undring aner/hva du har skapt i verden ved ditt ord/Ser universet med de mange baner/og vet alt liv oppholdes ved ditt bord ...»

# Trusopplæring for born og unge



Årets konfirmantar på pilegrimstur, foto: Hamish Moore

## Konfirmant 2023?

No er det tid for dei som skal konfirmerast i 2023 å melde seg som konfirmant. Vi startar opp med lokale samlingar og ein kort overnattingstur i haust. Som ein del av konfirmanttida reiser konfirmantane på felles konfirmantleir til Gjennestad sommaren 2023. Meld deg på via vår nettside: kviteseid.sokn.no.

## Andre grupper

Mellan dåp og konfirmasjon er det eit godt og variert tilbod for born og ungdom som veks opp her i kommunen. På dei neste sidene presenterer vi tilbod for born og unge i soknet. Mykje er drive av frivillige knytt til ulike organisasjoner,

og noko i regi av kyrkja. Vi vonar at alle finn noko som passar.

Kyrkja sender ut invitasjonar til dei som er døypte og er medlemmer i Den norske kyrkje. Men tilboda er opne for alle born. Har du born som ikkje høyrer til kyrkja kan du ta kontakt med trusopplærar Knut Ove Lofstad om du ynskjer at dei skal få invitasjonar til tilbod som gjeld for deira aldersgruppe.



## **Kontaktinformasjon til dei ulike gruppene:**

Småbarnstreff med babysong:

*Møyfrid Lunde, 46907231.*

Sundagsskule:

*Knut Ove Lofstad, 99616526.*

Barnegospel:

*Liv Solveig Lidden Sørbo, 971 77 684*

Idrettsgrupper:

*Ellen Eggebø Jore, 971 07 707.*

Yngres i Vrådal:

*Astrid Breivik, 922 99 314.*

Vest-Telemark Soul Children:

*Olav Holm, 934 01 156.*

Kviteseid speidargruppe:

*Knut Ove Lofstad, 99616526.*

## **Småbarnstreff med babysong**

### **(0-3 år)**

Eit tilbod for born i fylgje med foreldre/besteforeldre. I songstunda syng me og brukar ulike regler saman med borna. Det vert servert enkel lunsj, kaffe og te.

Tid: torsdagar kl 11.00-13.00.

Sangstund kl 11.30. Lunsj kl 12.00

Stad: Misjonshuset i Kviteseid

## **Utdeling av dåpsgåver (1-3 år etter dåp)**

På ei gudsteneste på våren inviterer vi dei som blei døypt for 1, 2 og 3 år sidan. Borna får utdelt gåver som kan brukast i heimen. 1-åringar får cd-en «Nå lukker seg mitt øye» 2-åringar får «Bibelboka mi» 3-åringar får cd-en «Hvem har skapt alle blomstene?»

## **Sundagsskule (1.-4. klasse)**

Me tenner ljós, syng saman, høyrer forteljingar frå Bibelen og gjer ulike

aktivitetar. Tid: Kvar gudsteneste som ikkje er familiegudsteneste i Kviteseid kyrkje under gudstenesta kl. 11.

Stad: Gapahuken ved Kviteseid kyrkje.

## **Utdeling av 4-års bok**

På hausten inviterer me dei som fyller 4 år til hausttakkefest, der dei får utdelt 4-årsboka og ei aktivitetsbok. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylgje med vaksen. Me gjer oss kjent i kyrkja, syng, leikar og har aktivitetar.

## **Adventstreff for 5- åringar**

Før advent inviterer me alle som fyller 5 år til ei gudsteneste. Der får dei utdelt ein adventskalender. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylgje med vaksen. Me viser korleis ein kan bruke adventskalenderen i heimen, med forteljing, song og leik.

## **Barnegospel (5-8 år)**

Me øver på Misjonshuset i Kviteseid, annankvar torsdag kl 17-18. Av og til opptrer me på gudstenester eller andre arrangement. Velkommen til songglede, andakt, leik og litt å bite i.



## **Idrettsgruppe (1.-4.klasse)**

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar! I pausen har me andakt. Annankvar tysdag frå 17.30-19.00 i gymsalen på Kvitsund Gymnas.  
Kontingent kr 50,- for kvart skuleår.

## **Tårnagenthelg (3.-4. klasse)**



Tårnagenthelg vert arrangert ein laurdag ettermiddag og sundag føremiddag mellom jul og påske annakvart år. Borna får agentbevis, løyser oppdrag og mysterium gjennom bibelforteljing, utforsking av kyrkjebygg og kyrkjetårn. Neste gong er i 2023.

## **Idrettsgruppe (5.-7. klasse)**

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar i gymsalen på Kvitsund! I pausen har me andakt. Samlingane er annankvar tysdag frå 17.30-19.00.  
Kontingent kr.50 for kvart skuleår.

## **Lys Vaken (5.-6. klasse)**

Annakvart år inviterer me til eit overnattingssopplegg i kyrkja den første adventshelga. Neste gong er i 2023.

## **Yngres i Vrådal (4.-10.klasse)**

Annankvar tysdag i vinterhalvåret er det

yngreskveld på skulen i Vrådal. Her er det andakt, tid til ulike aktivitetar, spel og god mat.

## **Vest-Telemark Soul Children (5.-10. klasse)**

Velkomen til ein verkstad for song, dans og musikk. Øvingar annankvar torsdag kl 19-20.30 i musikkrommet i Kviteseid-hallen.

## **Kviteseid Speidargruppe (5.-10. klasse)**

Annakvar måndag frå kl.18.00 til 20.00, samlast speidaren på speidarpllassen ved elva mellom gamle Syftestad camping og Li sag. Speidarane reiser også på turar i skog og mark. I speidaren kan du lære om friluftsliv, + masse ana nyttig.



## **Idrettsgruppe (8.-10. klasse)**

Idrettsgruppa er for deg som likar ballspel og leik. Me samlast annankvar torsdag i gymsalen på Kvitsund gymnas, frå kl 18-19.30. Me spring, leiker, spelar ball og har det moro saman. Midt i økta har me andakt.

Kontingent kr 50,- for kvart skuleår.

## **Fredagsklubben (frå 8. klasse og oppover)**

Me møtast på Misjonshuset annankvar fredag kl. 19-22. Følg oss på facebook for oppdatert program.



Konfirmantbiletet 2022, foto: Hamish Moore

# Årets konfirmantar

1. rekke frå venstre: Tomine Andrea Fridlund Paulsen, Isabel Grave Johnsen, Kjersti Strand and Olsen, Maren Martinsen Heggtveit, Natalie Eidheim Skipar og Åsne Andersen Berge.
2. rekke frå venstre: sokneprest Møyfrid Lunde, Miriam Kvamme, Martine Jamgrav Foss, Andreas Kvålseth Midtbøen, Pj Alexander Bussartsang, Erlend Aarbakk, Kent Ronny Nielsen Sigurdslid og trusopplærar Knut Ove Lofstad.
3. rekke frå venstre: Kristoffer Haugerud Andersen, Alexander Slettemeås, Andreas Kåsene, Lukas Sondre Brekke Moore, Åmund Blomstadli Lønnegraff og Christian Aarbakk Magnushommen.

## Takk for di gåve!

Kyrkjebladet kjem ut med fire nummer i året. Arbeidet med tekstar og biletar vert gjort av frivillige, men vi kjøper tenester for design, trykking og distribusjon.

Utgiftene til dette er på omkring 75 000 kr per år.

Omkring 19 000 av desse gjeld distribusjon gjennom posten.

Vi set pris på alle som nyttar giroen eller vippssar for å betale ein frivillig abonnementsavgift.

Send valfritt beløp til konto **2660.45.14648**, eller gje di gåve på vipps til nummer **3850**. Her kan du velje kategori 5 for å gje til kyrkjebladet.

Kvittering			
Innbetalt til konto		Beløp	
2660.45.14648			Betaleren kontonummer
Betalingsinformasjon			
GIRO			
<input type="checkbox"/> Underskrift ved girering			
<hr/>			
<input type="checkbox"/> Betalt av		<input type="checkbox"/> Betalt til	
		<input type="checkbox"/> Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid	
<hr/>			
Kroner	Øre	Til konto	
<	>	2660.45.14648	

# "O Jesus du som fyller alt i alle"

## *Ei historie om ein song*


Den kjende pinsepredikanten Aage Samuelsen var ein dyktig songar og musikar, og han skreiv mange songar. «O Jesus du som fyller alt i alle» er nok den aller finaste av dei. I 1997 kom han med i salmeboktillegget, og han vart teken inn i Norsk salmebok som kom i 2013. Både teksten og og melodien er av «broder Aage».

Halvor Draugedal, som har budd det meste av livet i Kviteseid, har ei interessant historie å fortelje om denne songen. Halvor, f.1935, vaks opp på husmannsplassen Oppikås i Skafså. På den tida var det ein stor pinsemenighet i bygda, og mange møte vart haldne på det bedehuset som stod på Koldkinnflatene. Her verka både pinsevennene og indremisjonen. Både foreldra til Halvor var med i pinsemenigheten. Dei gjekk jamt til møte, både dei og borna, og gav ofte losji til omreisande predikantar.

«I 1947 budde Aage Samuelsen heime på Oppikås,» fortel Halvor. «Ein kveld me skulle på møte, bar eg gitaren for Aage. Vi gjekk vegen om kyrkja, hugsar eg. I møtet, då Aage skulle til å syngje, sa han: 'Eg fekk det siste verset i dag, så no syng eg heile denne songen for fyrste gong.' Så tok han opp gitaren og song: O, Jesus du som fyller alt i alle.» Så er altså denne songen, i alle fall i fullstendig utgåve, urframført i Skafså for 65 år sidan!

«Medan Aage budde heime, blyanttegna han syster mi Gunnvor, sitjande på ein stol,» fortel Halvor. «Mange år seinare fann me teikningen og såg at det var Aage som hadde teikna han. Dette kunstverket fekk me ramma inn og det heng no på Fjellstøy!»

*ØAJ*



*Aage Samuelsen*

# Smånytt

## Takk til ivrige strikkarar!

I haust tok Sigrid Borgenvik ordet på eit føremiddagstreff og oppfordra dei som hadde lyst til å strikka og tova sitjeunderlag til bruk i gapahuken ved kyrkja i Kviteseid. I løpet av våren er det no komme inn over 40 flotte sitjeunderlag strikka av diverse flinke damer. Etter familiegudstenesta i april fekk vi ta dei i bruk for fyrste gong. Tusen takk til alle som har bidratt! Gapahuken står til fri bruk for grupper som ynskjer å nytta han. Sitjeunderlaga vert oppbevart bak i kyrkja og kan lånast om ein tek kontakt på førehand.



Foto: Møyfrid Lunde

## Flott resultat av årets fasteaksjon

Konfirmantar og andre som gjekk frå dør til dør og samla inn penger til Kirkens Nødhjelp vart veldig godt mottatt. I vårt sokn er det i år komme inn 63 261kr i skrivande stund. Tusen takk til bøssebærar og alle som gav.

## Fin dugnadsinnsats på kyrkjegardane

Vi har fått inn bilete frå dugnadane på kyrkjegardane i Kviteseid. Vi skulle gjerne delt bilete frå dei andre stadene. Leiar i kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg, Anne Lise Råmunddal meldte at det var heile 50 personar som stilte på dugnaden der i år. Då er det ei glede å arrangere dugnad.



Koseleg kaffepause på dugnaden ved Kviteseid nye kyrkje, foto: Marit Gotuholt



Flott arbeidsgjeng ved Kviteseid gamle kyrkje, foto: Marit Gotuholt

# Kyrkjekstilar



Hanne Roholdt og Herdis Nordbø Jørgensen har gjort eit stort arbeid med å registrere tekstilane i dei seks kyrkje- ne i Kviteseid sokn. Det er altardukar, messehaklar m.m. Dei har laga ein perm for kvar kyrkje og ein samleperm for alle. Der er kvar gjenstand omtala og vist med bilete.

Hanne er tekstillærar og har skildra materialbruk og teknikkar for kvar av tinga. Dessutan har dei skrive om symbolikken og den liturgiske bruken, om historikken og om kven som har laga gjenstandane, og om korleis dei bør bli lagra og tekne vare på. Alt dette er viktig dokumentasjon.

Hanne og Herdis vil vise fram tekstilane som er i Brunkeberg kyrkje og fortelje om dei etter messa der 9. oktober. Det same vil dei gjere i Kviteseid kyrkje

30. oktober. Kyrkjelyden har sett tekstilane mange gonger gjennom mange år, men når dei får høre ei nærmere orientering om dei, vil sikkert mange bli overraska over kor mykje flott og verdifullt kunsthandverk vi har i kyrkjene våre.

## LIVETS GANG

### Døypte

#### *Kviteseid:*

Ingebjørg Grønlid Wisland

#### *Vrådal:*

Sigve Eilif Martinsen

### Døde

#### *Brunkeberg:*

Olav Svanheld  
Ingerid Svanheld  
Ingebjørg Slettemeås  
Inga Sandland

#### *Kviteseid:*

Tordis Lindestad

#### *Vrådal:*

Knut Heistad

# OPPSLAGSTAVLA

## Dåp- konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel:  
[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)

## Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

## Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

## Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

## Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på [kirken.no/minside](http://kirken.no/minside).

Tidlegare gjaldt dette berre for føresette som sjølv var medlem, men no er tilbodet ope for alle føresette.

## Kveldsmesser i juli månad

Torsdagane 7. – 14. – 21. og 28. juli er det kveldsmesser i Kviteeid gamle kyrkje kl. 19.30.

## Føremiddagstreff

Vi møtest på Misjonshuset ein onsdag i månaden i haust– sjå annonse i VTB.

## Vandring for forandring 2022



Vi inviterer deg som er MANN, og har mista nokon i sjølvomord (ektefelle, born, sambuar, bror, syster, kamerat, kollega) til vandring langs den gamle pilegrimsvegen mellom Haukeli og Røldal.

**Tid:** laurdag 10.- sundag 11. september 2022

Ei grunnleggande pilegrimsrøynsle er nettopp at ein møtest som den ein er, med si historie, sine tankar om tvil og tru. Vi ynskjer at denne vandringa skal vere eit tilbod til menneske med ulik tru og bakgrunn. Det at vi er ulike gjer vandringa rikare. Mange etterlatne opplever hjelp i å møte andre i same situasjon. Fellesskapet gjev rom for aksept og forståing.

Vandringa er eit samarbeid mellom prostidiakonen i Vest-Telemark, RVTS Sør, Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedøme. For meir info kontakt: Diakon Eilev Erikstein 91113580.



# Gudstenesteliste

## JUNI

### Sundag 19. 2. sundag i treeiningstida

- Joh 3,1-13

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Menneskeverd.  
Opning av bygdetunet.

**Sundag 26.** Inga gudsteneste

## JULI

### Sundag 3. 4 sundag i treeiningstida

- Matt 9,35-38

*Kviteseid kyrkje* kl. 18.00  
Gudsteneste. Dag Harald  
Undheim.  
Ofr. Kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

### Sundag 10. 5. sundag i treeiningstida

- Matt 18,12-18

*Brunkeberg kyrkje* kl. 18.00  
Gudsteneste. Dag Harald  
Undheim.  
Ofr. Det norske bibelselskap

### Sundag 17. aposteldagen

- Mark 3,13-19

*Kviteseid kyrkje* kl. 18.00  
Gudsteneste. Dag Harald  
Undheim.  
Ofr. NLM Ung

### Sundag 24. 7. sundag i treeiningstida

- Mark 5,25-34

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Kirkens SOS, Telemark.

**Sundag 31.** Inga gudsteneste

## AUGUST

### Sundag 7. 9. sundag i treeiningstida

- Luk 6,36-42

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

### Sundag 14. 10. sundag i treeiningstida

- Mark 11,25-26

*Kilen kapell* kl. 11.00  
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

### Sundag 21. 11. sundag i treeiningstida

- Joh 8,31-36

*Heivatn* kl. 11.00  
Friluftsgudsteneste. Møyfrid  
Lunde.  
Ofr. Kvitsund gymnas.  
Grilling og fiskekonkurranse i  
samarbeid med Kviteeid Jeger-  
og fiskeforening.

### Sundag 28. 12. sundag i treeiningstida

- Joh 4,27-30.39-43

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Kyrkjelydens  
misjonsprosjekt.  
Kviteseid-dagen held fram på  
bygdetunet.

## SEPTEMBER

### Sundag 4. 13. sundag i treeiningstida

- Joh 15,13-17

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Familiegudsteneste. Møyfrid  
Lunde.  
Ofr. Søndagsskolen i Telemark

**Sundag 11.** Inga gudsteneste

### Sundag 18. 15. sundag i treeiningstida

- Joh 15,9-12

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste, presentasjon av  
konfirmantar. M.L.  
Ofr. Kyrkjelydens  
trusopplæringsarbeid

### Sundag 25. 16. sundag i treeiningstida

- Matt 11,16-19

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste, presentasjon av  
konfirmantar. M.L.  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

## OKTOBER

### Sundag 2. 17. sundag i treeiningstida

- Mark 5,35-43

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Hausstakkefest,  
speidargudsteneste.  
Ofr. Kviteeid speidargruppe

### Sundag 9. 18. sundag i treeiningstida

- Mark 1,40-45

*Brunkeberg kyrkje* kl. 11.00  
Gudsteneste.  
Ofr. Vest-Telemark diakonat

